

Hustadvika kommune,
Tingplassen 1,
6440 Elnesvågen

23.07.2020

postmottak@hustadvika.kommune.no

Merknader til framlegg til offentleg ettersyn - detaljreguleringsplan for Jendemshagen II

Syner til at Hustadvika kommune har vedtatt å leggja framlegg til detaljregulering for nevnte sak ut på høyring og offentleg ettersyn.

Gjennom reguleringa har søker ønske om utbygging av 22 nye einebustadtomter, 6 nye tomter med tomannsbustader og tre områder med konsentrert bustadbygging. Omsøkt område er tidlegare ikkje regulert, men grensar til tidlegare godkjent reguleringsplan for utbygging av bustader. Planforslaget er i tråd med kommuneplanens arealdel.

Foreslått regulert areal utgjer totalt 85,4 daa. Av dette vil ca 40 daa middels god dyrka jord, som i dag er i bruk til ordinær landbruksdrift, gå tapt til fordel for bustadbygging.

Vi har følgjande merknader:

1. Det ligg ingen automatikk i at nye områder skal takast i bruk til bustadformål sjølv om området er regulert til bustadformål og tilgrensande område også er regulert til dette.
2. For stor andel av foreslått regulert areal er dyrka landbruksareal som vil gå tapt. Vi etterlyser vurdering av alternative areal og betre utnytting av foreslått regulert areal slik at mindre matjord går tapt.
3. I randsoner er det avsett buffersoner i form av friluftsområder for å skaffa rom mellom planlagt bygging og ekisterande landbruksareal. På mange måtar er dette bra, men samtidig kan det ligga store konflikter også i dette.
4. Vi er uroa for dei signal ei eventuell regulering/utbygging vil gje i forhold til tilgrensande dyrka-/landbruksareal. Her ligg det potensiale for meir uønska utbygging og nye konflikter.
5. I framlegg til reguleringsføresegner, under rekkefølgekrava, § 10, heiter det at det må godkjennast ein plan for etterbruk av matjord. Vi meiner at dette må inngå som eit eige kapittel i reguleringsføresegnene og vera langt meir spesifisert enn det som ligg i framlegget:

- 5a. Nevnte plan må sikra god og heilskapleg handtering av jorda både i anleggsfasen, i samband med mellomlagring og ikkje minst for etterbruk av jorda. Det må sikrast at jord som blir flytta blir brukt til matproduksjon og at den ikkje blir blanda med anna jord eller andre massar som gjer at produksjonsevna blir dårlegare. Jorda skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål som t.d. grøntareal.
- 5b. Planen må vera i samsvar med retningslinjer gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs». Plan må godkjennast av landbruksansvarleg i kommunen.
- 5c. Det må sikrast og kontrollerast at entreprenørar og underentreprenørar følgjer plan og krav til jordhandtering. Det må også klargjerast kva som blir følgjene dersom plan og krav til jordhandtering ikkje blir gjennomført. Også dette må forankrast i plan.

Våre merknader er basert på følgjande:

6. Stortinget vedtok i 2015 *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.
7. I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.
8. Gjennom KOSTRA sin statistikk kjem det fram at Hustadvika kommune (Fræna og Eide) gjennom ei årrekke har vore blant kommunane i fylket med mest omdisponering av dyrka jord. Dette kan ikkje halda fram.
9. Statistikk frå Statens Landbruksforvaltning (basert på søknader om produksjonstilskot) viser at jordbruksaleal i drift er redusert med nesten 2000 da i Hustadvika (Fræna og Eide) i løpet av dei siste 10 åra. Dersom omsøkt plan blir godkjent slik den no ligg føre er dette eit dårleg signal i forhold til vilje til å redusera nedbygginga av matjord.
10. Fylkesmannen sitt «Forventningsbrev» til kommunane av 20.2.2020 viser m.a. særleg til kommunane sitt ansvar for oppfølging av nasjonal jordvernstrategi, jordlova og driveplikt, samt handtering av jordmassar. Dette er sentrale element i våre merknader, som alle bør vera gode argument for at omsøkt plan ikkje kan godkjennast slik den no ligg føre.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen